



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 17.10.2022  
**Stad:** Elektronisk handsaming

---

### Medlemmer og varamedlemmer som har avgitt stemme i saka:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Terje Mork	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem
Stine Solheim Rørvik	Varamedlem

---

### Medlemmer som ikkje har avgitt stemme i saka:

Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
FR 2022/42		Justert budsjettforslag 2023/økonomiplan 2024-2026 (investering)	RUNE ZIENER

Askvoll, 17.10.2022

Rune Ziener  
referent

## FR 2022/42 Justert budsjettforslag 2023/økonomiplan 2024-2026 (investering)

### UTGREIING

Det vert vist til Askvoll sokneråd sitt økonomiplanvedtak i sak FR 2022/38.

I investeringsbehovet til nytt prosjekt Drenering Askvoll kyrkjegard, seier utgreiinga:

«I skrivande stund venter ein på eit kostnadsestimat, og dette vil verte lagt inn i planen så snart ein veit meir.»

Det ligg fortsatt ikkje føre eit slikt kostnadsestimat for skissert, tidlegare føreslege løysing, men Askvoll sokn må melde inn konkret talestimat for å få utført denne dreneringa. Dette er eit arbeid som hastar, om ein skal få på plass ei tilfredsstillande drenering, i samsvar med gjeldande krav i regelverket.

Kyrkjeverja har imidlertid fått inn eit alternativt forslag til utbetring av eksisterande dreneringsløysing, der to nye drenggrøfter går gjennom gravfelta som i dag ikkje vert drenert skikkeleg, og med to grøfter vil alle graver i berørte felt ligge inn mot dei nye drenggrøftene.

Eit kostnadsestimat frå entreprenør seier at ei slik løysing truleg vil koste om lag kr 100.000,-.

Konkret løysing vil ein måtte komme tilbake til, og truleg vil nye drenggrøfter i eksisterande dreneringsplan krevje godkjenning av statsforvaltaren (etter reguleringer i gravplassloven § 4, 1. ledd, jf. gravplassforskriften § 2, 2. ledd og § 3, 2. ledd).

Etter kyrkjeverja si vurdering, hastar det no å få etablert ei tilfredsstillande dreneringsløysing på dei nye felta, før for mange nye graver vert tekne i bruk – noko som kan vanskeleggjere arbeidet med nye grøfter.

På bakgrunn av dette bør Askvoll sokn melde inn justert tabell med investeringsbehov (jf. vedtak i sak FR 2022/38) for perioden 2023-2026 til Askvoll kommune:

	2023	2024	2025	2026
Holmedal kyrkje	2.250.000	0	0	
Tak Askvoll kyrkje		2.600.000	2.300.000	300.000
Nytt servicebygg Askvoll kyrkjegard				
Parkering Vilnes				
<b>Drenering Askvoll kyrkjegard</b>	<b>100.000</b>			
<b>Namna minnelund</b>		<b>300.000</b>		
<b>Orgelet i Kvammen</b>				<b>400.000</b>
Orgelet i Holmedal			0	
<u>Sum pr. år</u>	<u>2.350.000</u>	<u>2.900.000</u>	<u>2.300.000</u>	<u>700.000</u>

### Tilleggsinformasjon:

Utan at det har betydning for soknet sitt investeringsbehov, må det opplysast at økonomiplanvedtaket vart fatta på dels feil talgrunnlag i sak FR 2022/38.

Soknerådet vedtok å flytte på kr 750.000,- frå prosjektet med rehabilitering av kyrkjetaket på Askvoll kyrkje i 2023 for å ta heile prosjektet med rehabilitering av Holmedal kyrkje i 2023. For å halde nede kostnadar på heile prosjektet, vil det vere eit føremon å ta heile prosjektet under eitt, og ikkje dele opp dette.

1,5 millionar i tilskot til taket på Askvoll kyrkje er i kommunens økonomiplanvedtak frå 2021 først ført opp i 2024, og ikkje i 2023, slik det gjekk fram av kyrkjeverja sin tabell i saksutgreiinga. Feil i tabellen går vidare også dei to påfølgjande år når det gjeld tilskot til kyrkjetaket i Askvoll.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek justert budsjettforslag 2023/økonomiplan 2024-2026 (investering) som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Tidlegare vedteke økonomiplan vert ståande, men kostnadsestimat for drenering av nye gravfelt på utvida del av Askvoll kyrkjegard vert lagt inn med kr 100.000,- i 2023.

## **MØTEHANDSAMING**

Soknerådet handsama saka skriftleg.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek justert budsjettforslag 2023/økonomiplan 2024-2026 (investering) som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Tidlegare vedteke økonomiplan vert ståande, men kostnadsestimat for drenering av nye gravfelt på utvida del av Askvoll kyrkjegard vert lagt inn med kr 100.000,- i 2023.